



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
17.9.2011	x/2010	Morten Larsen

Saksnr	Utval	Møtedato
13/11	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	21.9.2011

MÅL OG TILTAK FOR EIT MEIR INKLUDERANDE ARBEIDSLIV

Vedlegg:

1. Utkast til mål og tiltak for eit meir inkluderande arbeidsliv, 14.9.2011.

Bakgrunn

I møte 14.4.2011, SAMU-T-sak 6/11, vart utvalet informert om den nye intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv 2010-2013 og rammeavtalen om IA som er inngått mellom fylkeskommunen og NAV. Rammeavtalen er ein overordna avtale på fylkesnivå som klargjer policy, overordna mål og føringar for IA-arbeidet.

Eigen "Samarbeidsavtale om et meir inkluderende arbeidsliv" for tannhelsetenesta vart underskrive av fylkestannlegen, tillitsvald/vernetenesta og NAV Arbeidslivssenter i samband med SAMU-T-møtet 30. juni, sak 10/11. Samarbeidsavtalen stadfestar at tannhelsesektoren er ansvarleg for å følgje opp måla i intensjonsavtalen. Innan 12 veker etter signert sektorvis samarbeidsavtale skal det utarbeidast sektorspesifikke delmål tilpassa tannhelsesektoren, med forslag til tiltak.

Ei arbeidsgruppe bestående av fylkestannlegen v/kontorsjef Morten Larsen og hovduttillitsvald i tannhelsesekretærforeninga (Parat)/sektorverneombod Laila Aas Dyrøy fekk i SAMU-T-møtet den 30. juni i mandat å utarbeide forslag til delmål og tiltak, som må m.a. skal spegle utfordringar avdekt gjennom arbeidsmiljøkartlegging (jf. SAMUT-sak 5/11) og sjukefråværsutviklinga. Forslag til mål, handlingsplan og tiltak skal leggst fram til behandling i SAMU-T i september 2011.

Arbeidsgruppas forslag

Arbeidsgruppa sitt utkast til delmål og tiltak går fram av vedlegg. Gruppa har tatt utgangspunkt i eit prosessverktøy utvikla av NAV Arbeidslivssenter i den metodiske tilnærminga til mandatet. Denne metoden tek utgangspunkt i nosituasjonen sett i forhold til "beste praksis" på relevante IA-innsatsområde. På dette grunnlaget er forbetningsområde og konkrete tiltak identifisert.

Arbeidsgruppa sitt forslag blir med dette lagt fram for SAMU-T til behandling.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
kontorsjef